

Kvinnherad kommune

Dato: 15.08.2017
Vår ref.: 2014/16772-19
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Uttale vedkommende nye vegnummer for fylkesvegane i Hordaland

Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune mottok jamleg innspel frå kommunane og andre med ynskje om endringar i delar av vegvisninga i fylket. Før 2010 var det berre riksvegane som var nummererte, medan dette no også vert gjort på fylkesvegnettet. Vegvising og bruk av vegnummer heng saman, og dette har ikkje vore revidert i takt med dei store endringane i vegnettet i Hordaland dei siste åra, slik som til dømes forvaltningsreforma av 2010.

Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune ser at det er trong for å endre vegnummer i Hardanger og Kvinnherad slik at ein får ei meir sams vegnummerering. Utval for miljø og samferdsel (MISA) i fylkeskommunen er orientert om saka, og den 30. mars 2017 var Hardangerrådet orientert. Notat om forslag til nye vegnummer er lagt ved dette brevet. Det same gjeld uttalen frå Hardangerrådet.

Hordaland fylkeskommune ber med dette om ein uttale frå Kvinnherad kommune om forslaga til endring av vegnummer. Frist er sett til fredag 13. oktober.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen

Vedlegg

- 1 Notat om vegnummer i Hardanger og Kvinnherad
- 2 Uttale frå Hardangerrådet vedr endring av vegnummer for fylkesvegane i Hordaland